



Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
2015/1144-5	Jarle Bruun Olsen,35048403	C83	14.12.2015

Reglement for politikargodtgjering



FASTSETT AV KOMMUNESTYRET I SAK 87/15

Reglement

Vedteke i k.sak 26/93 justert i k.sak 010/96

Nytt vedtak i k.sak 068/98

Nytt vedtak i k.sak 043/03

Nytt vedtak i k.sak 040/07

Nytt vedtak i k.sak 091/08

Nytt vedtak i k.sak 088/11

Nytt vedtak i k.sak 087/15

REGLAR OG SATSAR FOR GODTGJERSLA TIL FOLKEVALDE

- Dei folkevalde sine rettar og plikter er regulert gjennom kommunelova kapittel 7, §§ 40-43.
- Reglementet bygger på KS sitt normalreglement.

1. FOLKEVALDE SINE ARBEIDSVILKÅR

Møtetidspunkt

- Formannskap, Administrasjonsutval (kan gå føre seg saman med formannskap), Arbeidsmiljøutval og Kontrollutval har til vanleg møte på dagtid dvs. før kl. 17.00. Kommunestyret om kvelden.

Tidspunkt for utsending av sakspapira

- Innkallinga skal normalt ligge tilgjengeleg for å laste 7 dagar før møtet, inklusive utsendingdagen. Det vert sendt ut påminning om at møtepapira er tilgjengelige.
- Det skal lagast halvårlege møteplanar.

2. GODTGJERSLER

Godtgjersle – løn

- Godtgjersle. Utbetaling til folkevalde er godtgjersler.
- Løn er utbetaling til tilsette for utført arbeid.

2.1 Arbeidsgodtgjersle

Etter § 42 i kommunelova har alle som har eit kommunalt tillitsverv, krav på godtgjersle for sitt arbeid etter nærare regler fastsett av kommunestyret. Mynde kan ikkje delegerast.

2.2 Feriepengar, forskjell på løn og godtgjersle

- Tilsette som får løn, har krav på feriepengar.
- Folkevalde som får godtgjersle, har ikkje krav på feriepengar.
- Ordførar, varaordførar og formannskapsmedlemmer får si godtgjersle fordelt på 12 månader.

2.3 Fast godtgjersle til kommunale folkevalde

- Ordføraren si godtgjersle er 85% av godtgjersle for stortingsrepresentant. (Dette utifrå ordførar i full stilling. Godtgjersla blir å rekne i høve til prosentvis storleik på ordførarvervet). Verknadstidspunkt for endring av grunnlag for godtgjersle blir 01.01. kvart år. Dei andre folkevalde i % eller ‰ av ordføraren si godtgjersle. All godtgjersle blir rekna ut frå ordførar i 100 % "stilling".

Ordføreren

Godtgjersle gjeld for alle kommunale verv ordføreren blir vald til. Godtgjersle skal og dekkje tapt arbeidsforteneste.

Varaordførar

Varaordførar si godtgjersle er 10 % av ordføreren si godtgjersle.

Godtgjersla gjeld for alle kommunale verv varaordføreren blir vald til.

Godtgjersle gjeld for møteverksemd i formannskapet og kommunestyret. Ved deltaking i andre utval nedsett av kommunestyret vert det utbetalt møtegodtgjersle.

Formannskapsmedlemmer

Formannskapet sine medlemmer får ei fast godtgjersle på 5 % av ordføreren si godtgjersle, berekna ut frå 100 % stilling.

Godtgjersle gjeld for møteverksemd i formannskapet og kommunestyret. Ved deltaking i andre utval nedsett av kommunestyret vert det utbetalt møtegodtgjersle.

Andre utval

- Utvalsleiaren for kontrollutvalet får ei fast godtgjersle på 2 % av ordføreren si godtgjersle.

Fråvær frå meir enn 1/3 av møta fører til ein reduksjon på 25 %.

Ved langvarig fråvær får varamedlem godtgjersla til det faste medlemet.

2.4 Møtegodtgjersle

- Møtande varamedlemmer i formannskapet får ei møtegodtgjersle på 1 ‰ av ordføreren si godtgjersle.
- Kommunestyret får ei møtegodtgjersle på 1 ‰ av ordføreren si godtgjersle.
- Kontrollutvalet får ei møtegodtgjersle på 1 ‰ av ordføreren si godtgjersle.
- Møteleiar i utval nedsett av kommunestyret får ei godtgjersle 2 gonger møtegodtgjersla.
- Fungerande møteleiar i utval der leiaren har forfall, får ei godtgjersle på 2 gonger møtegodtgjersla.
- Møtegodtgjersle for møte i utval kommunestyret set ned får ei møtegodtgjersle på 0,6 ‰ av ordføreren si godtgjersle. Dette gjeld og varamedlemmer når dei møter. Dette gjeld og for kommunestyre- og medlemmer som er valt av kommunestyret i andre styre og råd som kommunen sin representant, som t.d. interkommunale tiltak, og der desse ikkje dekkjer reise-, kost- og møtegodtgjersle.

2.5 Ettergodtgjersle/etterløn

- Folkevalde i verv på halv tid eller meir får ettergodtgjersle/etterløn ved utgangen av valperioden:
 - I 1,5 månader dersom vedkomande trer inn i ny stilling etter utgangen av valperioden.
 - I 3 månader dersom vedkomande ikkje trer inn i ny stilling ved utgangen av valperioden.

(Trer inn i tidlegare stilling tyder det same som "tre inn i ny stilling". Ettergodtgjersle vert gjeve som kompensasjon for tap av feriepengar).

3. UTGIFTSDEKNING

- Retten til å dekke utgifter ved kommunale verv står omtalt i Kommunelova § 41.
- Skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle etter satsar i kommunale reiseregulativ.
- Utgift som er nødvendig for vervet, t.d. utgifter til vikar, barnepass og stell av sjuke og eldre. Barnepass, omsorgsarbeid kr 100,- pr. time. Minstesats 2 timar, dvs. kr. 200,- (eller etter rekning). Slik utbetaling/refusjon vert å sjå som dekning av privatutgifter og skal behandlast som løn for den krevt refusjon for utgifta.

Telefon

- Ordføraren får dekt utgifter til mobiltelefon.

Aviser

- Ordføraren får dekt abonnementskostnader til to lokale aviser. Varaordførar for ei lokalavis.
- Alle i kommunestyret får tilbod om Kommunal Rapport gratis tilsendt.

4. DEKKING AV TAPT INNTEKT

- I følgje kommunelova § 41 har folkevalde rett til dekning av tap i inntekt i samband med vervet.
- Legitimert tap i inntekt kan pr. dag dekkast med inntil 4 ‰ av ordføraren si godtgjering.
- Ulegitimert tap i inntekt kan pr. dag dekkast med inntil 2 ‰ av ordføraren si godtgjering.
- Møtegodtgjersle vert ikkje teke omsyn til ved berekning av tapt arbeidsforteneste.
- Kommunalt tilsette: Rett til fri med løn. Ved møte utover arbeidstida, etter same reglar som andre politiske valde.
 - Heil dag definerast som tid over 4 timar, elles halv dag og halv godtgjersle.
 - Ikkje legitimert kan berre nyttast ved dagmøte.
 - Sjølvstendig næringsdrivande får utbetalt tapt arbeidsinntekt etter egenerklæring, dokumentasjon frå likningskontoret kan krevjast (ein gong pr. år).

Lønsmottakarar må dokumentere tapt arbeidsinntekt med erklæring frå arbeidsgjevar om storleik på trekket.

5. REISE-, KOST- OG OVERNATTINGSUTGIFTER

Reise-, kost og overnattingsutgifter blir dekkja etter statens sitt regulativ. Alle blir oppmoda om i størst mogeleg grad å køyre saman. Det blir ikkje utbetalt kostgodtgjersle i samband med kommunale møte innan kommune. Er politikaren pendlar pga. arbeid/skule, kan det utbetalast reisegodtgjersle frå bustaden utanom kommunen om han/ho må reise for å delta på møte. Det blir ikkje utbetalt godtgjersle for reiser under 4 km, ein veg.

6. ARBEIDSMILJØUTVALET OG DEI TILSETTE SINE REPRESENTANTAR I ADMINISTRASJONSUTVALET

Møte i arbeidstida:

Får ikkje møtegodtgjersle, men rett til fri med løn.

Møte utanom arbeidstida:

Godtgjersle gjeld då som om dei er på arbeid etter det kommunale avtaleverket.

7. UTBETALING

Rekningar og møtegodtgjersler vert utbetalt fortløpande. Alle protokollerte møte blir ordna av administrasjonen. For ikkje-protokollerte møte, er det einskilde folkevalde sitt ansvar å sende fullstendige rekningar i samsvar med reglement. Slike krav skal sendast inn fortløpande. Tapte arbeidsforteneste kan dekkjast etter rekning kvar månad.

8. PENSJON

Alle som har godtgjersle tilsvarende meir enn 50 % av full "stilling", blir automatisk innmeldt i KLP.

9. REVISJON

Reglementet kan takast opp til revisjon det siste året i kvar valperiode.

10. TVIL

Dersom det kjem opp tvil om tolking av reglement, har rådmannen fullmakt til å avgjere slike spørsmål.